



Morgan Rune Aarseth
Svidal
6847 VASSENDEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/355 - 15/1914

Saksbehandlar:
Tore Svendsen
tore.svendsen@masfjorden.kommune.no

Dato:
23.04.2015

Melding om delegert vedtak - Tilbygg hytte - Dispensasjon - Gnr 18/30 Duesund

Administrativt vedtak. Saknr: 030/2015

Tiltakshavar: Morgan Rune Aarseth

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett , jfr pbl § 20-2.
Søknad om dispensasjon frå pbl §1-8

VEDTAK:

Masfjorden kommune v/rådmannen viser til pbl §19-2 og godkjenner søknaden om dispensasjon frå forbod mot tiltak langs sjø for utviding av eksisterande fritidshus.

Grunngjeving:

Rådmannen meiner at tiltaket ikkje vil endre noverande situasjon i strandsona då tiltaket er av mindre omfang. Tiltaket vil ikkje gje negativ verknad utover det som allereie er ved at det er ført opp et fritidshus på tomta.

Masfjorden kommune v/rådmannen viser til pbl §20-2 og godkjenner søknaden om å utvide eksisterande fritidshus på gnr 18/30 slik søknaden mottatt 22.04.15 viser, på følgjande vilkår:

- Tiltaket må ikkje setjast i gong før klagefristen for dispensasjonsvedtaket er ute og det ikkje ligg føre klage på dispensasjonsvedtaket.
- Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Når det står att mindre vesentlege arbeid, kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal tiltakshavar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Gebyr

Gebyrregulativet

Med helsing

Roald Kvingedal
fungerande teknisk sjef

Tore Svendsen
Byggjesakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

Mottakarar:

Morgan Rune Aarseth

Svidal

6847

VASSENDEN

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om å utvide eksisterande fritidshus slik at totalt bruksareal (BRA) vil verta 54.6 m² og bygd areal (BYA) ca. 82.8m². Utnyttingsgrad er opplyst til 4.4% BYA.

Fakta

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak langs sjø.

Kommunen legg til grunn at søknaden om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art ikkje skal sendast på høyring til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fylkesmannen sitt brev av 31.01.2012. Fylkesmannen i Hordaland får vedtaket til klagevurdering.

Søknaden elles gjeld utviding av eksisterande fritidshus, slik at bygd areal vert totalt 82.8 m².

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere ca 0.5 meter. Eigar av gnr. 30 bnr. 6 har skriftleg samtykka til at tiltaket kan plasserast 0.5 meter frå nabogrensa.